

80 på diskotek rekord i haust

Dette er ein del av den yngste gruppa

Ikveld har ungdomslaget diskotek i Helgheim og det har møtt fram rundt rekna 50 med omtrent lik fordeling på dei 2 aldersgruppene. Men det er ikkje rekord for sesongen - sist var dei heilt oppe i 80 frammøtte fordelt med 50 på dei yngste og 30 på dei eldste.

Det neste diskotektreffet vert avvikla

30. november og er det siste før jul. Det vert da også kalla juleball og har spesielle programpostar, får vi høyra.



Stol-leiken vert aldri for gamal!

Den store nedgangen frå siste gongen til i dag kan lett forklarast med at det er konkurrerande arrangement - mellom anna fotball i Rosendal og gebursdag. Ellers bør ungdomslaget berømmast også i år for dette tiltaket og ein av dei stabile som står på er DJ Trond Vikør frå Sandvoll som er flink til å spela musikk som fengjer. Men også ungdommane sjølve legg mykje fantasi for dagen når dei utfaldar seg i det tradisjonsrike lokalet.

Programmet er kvar gong delt i 2 med elevane frå klasse 1 til 4 først og dei frå 5 til 7 etterpå. Første økta går frå 17 til 18.30 og andre frå 19 til 20.30.

Leiarane ynskjer gjerne at foeldra kjem inn og hentar dei yngste - det vil letta avviklinga.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Ei gruppe av dei eldre i aksjon